

Årsrapport 2025 Omstillingsprogrammet i Sykkylven kommune

Handsama av styret i omstillingsprogrammet Sykkylven: 10.2.2026

Vedteken av kommunestyret i Sykkylven 23.2.2026



Innhold

1. 2025 i tal	3	6. Kva gjorde vi	9
2. Innleiing	4	7. Programstatusvurdering 2025	20
3. Om programmet	5	8. Finansiering og budsjett 2025	22
4. Overordna mål og resultat	7	9. Inntekter og utgifter 2025	23
5. Arbeidsplassar	8	10. Vedlegg	25

2025 - tal som gjer oss stolt

Totalramme // **5,6 millionar kr** (etter avkorting)

Prosjekt innvilga i bedrifter & nettverk // **18 stk.**

Totalkostnad for alle prosjekt om lag 6,1 mill., innvilga midlar i frå omstilling om lag 2,6 mill.

Fellesprosjekt for opplevingsnæring, attraktivitet og sentrumsutvikling // **4stk**

Om lag 350.000kr til filmproduksjon People of the North og fellesprosjekt med Tettstadsutviklingsprosjektet.

Rekruttering // **3 stk.**

Summer Internship programmet **ilag** gjennomført, **4 Snakkast-treff** og **2 deltakingar på Bli med hit-rekrutteringsmesse**, om lag 300.000kr totalt.

Ekstra midlar utløyst frå det offentlege

- til «omstilling veien vidare // **200.000kr** frå Innovasjon Norge

Koplingstreff/seminar FoU+næringsliv // **2 stk.**

Samarbeidsforum Skulenær // **4 stk. + 1 temakveld**

KI-verkstad // **4 stk.**

Frukostmøter // **6 stk.**

Nye nettverk // **1 stk. FAVN**

Nye og sikra arbeidsplassar // **17 stk.**

Meldt inn potensiale for 13,5 nye arbeidsplassar i 2026

Prosentvis fordeling bruk av midlar på

- aktivitetar/støtte næringsliv // **67 %**

- admin og programleing // **33 %**

- overførast til aktivitet 2026 // **0 %**

Innleiing



«2025 har vore eit år med høg aktivitet, mykje samarbeid og fleire nye møteplassar. Omstillingsprogrammet har jobba tett på næringslivet, og vi har samstundes løfta blikket: Korleis byggjer vi ei kommune som både skapar jobbar – og er god å bu i?»

Olav Harald Ulstein – styreleiar



«Når eg skal summere 2025 med eitt ord blir det attraktivitet. Vi har jobba med konsept innan rekruttering og stadutvikling som er med på å gje oss synleggheit og bygg attraktivitet – fordi det er slik vi får fart på bulyst, rekruttering, innovasjon og utvikling. Dette er også i tråd med retninga vi la i handlingsplanen for året».

Lise Haukeberg – programleiar

2025 kort summert:

Vi har halde **trykket oppe på bedriftsretta utviklingsprosjekt** – og ligg over måltal på innvilga prosjekt.

Vi har **løfta rekruttering og tilflytting** gjennom pilotar og møteplassar gjennom summer internship-programmet **ILAG**, møteplassen **Snakkast** og **kvinnenettverket Favn**.

Vi har **styrkt arenaer for samarbeid** – mellom bedrifter, kommune, og partnerar som SNU/SINL/SNU, til dømes ved å støtte felles kommunikasjonsressurs og fasilitering av forumet Skulenær.

Vi har brukt 2025 til å **rigge oss for meir sirkulær satsing** – mellom anna med seminar-verkstad der målet var å inspirere til nye sirkulære prosjekt.

Vi har gjennomført **kunnskapsgrunnlag for vidareføring etter programperioden**.

Vi har jobba med stadutvikling og samarbeida med tettstadprosjektet om tiltak i sentrum og tiltak som handlar om å gjere Sykkylven til ein enno meir attraktiv stad å bu, leve og drive næring i.

Vi landa ok trass i ei avkorting i tilskotet til programaktivitet tidleg haust.

Om programmet



Sykkylven kommune har omstillingsstatus frå 2021 til og med 2026, med mål om å bidra til å skape nye og sikre 170 arbeidsplassar i Sykkylven i denne perioden.

Omstillingsprogrammet er ein del av «Regional omstilling», der Innovasjon Noreg legg opp til tydelege styringsdokument, årleg eigenvurdering (PSV) og ein planstyrt gjennomføringsfase. Omstillingsprogrammet er forankra i Sykkylven kommune, med eige styre og programleiing.

Bakgrunnen for å søke status som omstillingskommune var ønske om å utvikle ei breidde i næringslivet i Sykkylven, for å redusere den sårbarheita som kjem av ein einsidig næringsstruktur. **Omstillingsprogrammet ønska å bidra til ei vidareutvikling av eksisterande bedrifter og legge til rette for nyetableringar innan fleire bransjar og slik bidra til eit meir robust næringsliv som er berekraftig inn i framtida. Omstillingsarbeidet skal òg bidra til å styrke Sykkylven sin attraktivitet som næringslivs- og bustadkommune.**

Det er tre prioriterte innsatsområde i omstillingsplanen:

1. Skaparglede i heile næringslivet
2. Samarbeid og nettverk
4. Attraktivitet og rekruttering



Omstillingsprogrammet kjem i tillegg til det ordinære næringsutviklingsarbeidet i Sykkylven kommune, der Sykkylven Næringsutvikling (SNU) varetek førstelinjetenesta for kommunen, eksempelvis hoppid-kontor. SNU og omstillingsprogrammet samarbeida difor tett for å best mogleg kunne hjelpa næringslivet. SNU og omstillingsprogrammet har også ei viktig oppgåve i å jobbe for å sikre eit lokalt næringsapparat inn i framtida, slik kommunen og næringslivet ønska det.

I 2024 og 2025 har vi også bidratt til at Sykkylven kommune har fått til ei satsing på tettstadsutvikling, og med midlar i frå fylkeskommunen så har vi eit eige Tettstadprosjekt. Omstillingsprogrammet og Tettstadprosjektet samarbeidar tett, med mål om å styrke Sykkylven sin attraktivitet.

Styre og organisering

Organisasjonsform og eigarskap

Omstillingsarbeidet er organisert som eit program eigd av Sykkylven kommune. Programmet er ansvarleg for å gjennomføre det ekstraordinære arbeidet med næringsutvikling og rapportera til kommunestyret.

Omstillingsstyret

Omstillingsstyret er satt i saman av representantar frå kommunen og næringslivet. Innovasjon Norge, Møre og Romsdal fylkeskommune, kommunedirektør i Sykkylven kommune og dagleg leiar i Sykkylven Næringsutvikling AS er observatørar i styret. Omstillingsstyret er ansvarleg for utarbeiding av strategi og handlingsplan for omstillingsprogrammet. I 2025 vart det gjennomført 7 styremøte, 1 programstatusvurdering og 1 styreseminar (januar 2026) i omstillingsprogrammet.

Gjennom året har det vore ei endring i styresamansetjing; Solveig Gaundal, Ekornes AS gjekk ut som representant for næringsliv i Sykkylven, Mathias Hovet frå Mathias Hovet AS, kom inn.

Medlemmar i omstillingsstyret ved utgangen av 2025:

1. Styreleiar - Sykkylven kommune, ordførar Olav Harald Ulstein
2. Politisk representant, Torill Velle
3. Politisk representant, Clara Aarseth-Strømmegjerde
4. Sykkylven Industri- og Næringslag, Leif Jarle Aure
5. Sykkylven Handelsforening, Kåre Atle Vangen
6. Driv Design, Åse Fet
7. Styremedlem SNU, Per Kjetil Våtmyr
8. Mathias Hovet AS, Mathias Hovet

Observatørar i omstillingsstyret med møte- og talerett:

1. Innovasjon Norge, spesialrådgjevar omstilling Alfred Øverland
2. Møre og Romsdal fylkeskommune, rådgivar kompetanse og næringsavdelinga, May-Britt Roald
3. Sykkylven kommune, kommunedirektør Torbjørn Ove Emblem
4. Sykkylven Næringsutvikling, Åsne Folstad
5. Programleiar omstillingsprogrammet, Lise Haukeberg

Overordna mål og resultat

Hovudmålet for omstillingsprogrammet er å bidra til å skape ein meir robust og variert næringsstruktur, gjennom å vidareutvikle eksisterande bedrifter og legge til rette for nyetableringar innan fleire bransjar.

Omstillingsarbeidet skal og bidra til å styrke Sykkylven sin attraktivitet som næringslivs- og bustadkommune. Det er sett eit måltal på til saman 170 nye og sikra arbeidsplassar i omstillingsperioden 2021-26.

Totalt har omstillingsprogrammet bidrege til å sikre 13 arbeidsplassar og skape 4 nye arbeidsplassar i 2025, totalt 17. Dette er 15 færre arbeidsplassar enn målet som var 32. Vi tel brutto arbeidsplassar og berre bedrifter som har vore med på aktivitet og prosjekt støtta av omstillingsprogrammet.

Omstillingsprogrammet har i 2025 støtta 18 utviklingsprosjekt i bedrifter og nettverk, og gjennomført 2 større aktivitetar; Summer-internship programmet ILAG og kunnskapsgrunnlag for vidareføring etter programperioden.

Vi har hatt fleire koplingstreff med bedrifter for å stimulere til forskings- og utviklingsaktivitet med spesielt fokus på sirkulærøkonomi. Vi har også hatt ei rekke aktivitetar knytt til møteplassar, kompetanseheving innan KI, rekruttering av arbeidskraft, bli- og bulyst.



Arbeidsplassar

Det er sett eit måltal på til saman 170 nye og sikra arbeidsplassar i omstillingsperioden 2021-26. Tabellen her viser periodiserte mål for innsatsområda i omstillingsplanen og resultatet fram til og med 2025.

Totalt har omstillingsprogrammet bidrege til å sikre 13 arbeidsplassar og skape 4 nye arbeidsplassar i 2025, totalt 17. Dette er 15 færre arbeidsplassar enn målet som var 32.

Næringsfabrikken er eit initiativ som omstillingsprogrammet har fått bidra til å utvikle gjennom ulike prosjekt og aktivitetar. **Den utviklinga som har skjedd der i form av arbeidsplassar som har flytta til, som ikkje tidlegare hadde arbeidsstad i Sykkylven kan vi også indirekte seie er resultat av omstillingsprogrammet**, utan at vi har rekna det med i oversikta.

I tillegg til å telje arbeidsplassar er også auka utviklingsevne i bedriftene er eit av dei langsiktige effektmåla vi har sett oss for omstillingsprogrammet. Fokus på utviklingsevne og attraktivitet er uttala viktig for oss framover, og det har fått eit stadig større fokus frå Kommunal- og distriktsdepartementet og Innovasjon Norge, som driv tilskotsordninga for omstillingskommunar, der arbeidsplassmål er tona ned for nokre nye omstillingsprogram.

Korleis tel vi? Arbeidsplassane blir dokumentert via brutto innrapportering av prosjektleiarrapportar frå enkeltprosjekt, i tillegg til dialog med aktørar. Ved årsslutt snakkar programleiar med alle aktørar som har motteke støtte i frå omstillingsprogrammet, uavhengig av om dei har eit avslutta prosjekt, og tel arbeidsplassar i samråd med dei.

Utviklingsaktivitet og kompetanseheving som eventuelt skjer internt utan støtte og involvering i frå omstillingsprogrammet kan òg bidra til å sikre og skape arbeidsplassar, men dette er ikkje noko vi kan, eller skal, telje i denne samanhengen. Arbeid med attraktivitet og rekruttering som er med på å auke lysta til å flytte til Sykkylven og jobbe i Sykkylven har vi ikkje måling på, men er viktig å sjå til i tillegg til å telle arbeidsplassar.

Arbeidsplassar	2021	2022	2023	2024	2025	2026	Sum
Skaparglede i næringslivet	10	15	25	27	25	30	130
Opplevingsnæringar	5	5	5	5	5	5	30
Samarbeid og nettverk	0	2	2	0	2	2	10
Attraktive Sykkylven	0	0	0	0	0	0	0
Sum mål arbeidsplassar	15	22	32	32	32	37	170
Resultat	11	22,8	23,5	14	17		88,3
Awik	-4	+0,8	-8,5	-18	-15		-81,7

Kva gjorde vi


År fem av seks i omstillingsprogrammet er gjennomført, kva gjorde vi og kva lærde vi i 2025?

Omstillingsprogrammet har i 2025 haldt fram med å vere ein tilretteleggjar og ein koplingsaktør, noko vi har trua på at bidreg til at fleire spennande prosjekt kan skje. Vi får til mykje bra i lag, og gjennom omstillingsprogrammet har alle samarbeidsaktørane også fått eit større handlingsrom som har resultert i meir aktivitet.

Gjennom året har vi jobba etter prinsipp og prioriteringar i Handlingsplan 2025. Vi har kombinert to spor der det eine har vore støtte til konkrete bedriftsprosjekt som handlar om sikring av og nye arbeidsplassar, omstilling av organisasjonar og utforsking av nye marknader, og det andre har vore fokus på å bygge utviklingsevne gjennom å bidra til nettverk, møteplassar, kompetanseheving og å bygge og synleggjere attraktivitet for rekruttering til regionen og til Sykkylven.

Grunna innsparing i Sykkylven kommune vart det hausten 2025 avkorta tilskot frå Sykkylven kommune på 500.000kr, som også utløyser ei forventa avkorting på 542.000kr frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Totalt måtte vi kutte i budsjettet vårt med 1.042.000kr når vi var over halvvegs inn i året med aktivitet. Det vil seie at budsjettet vart endra frå om lag 6.7 mill. til 5.6 mill. Sjå meir om dette s. 23.

På dei neste sidene blir noko av programaktiviteten trekt fram. Sjå vedlegg 1 for oversikt over totalt innvilga tilsegn til bedriftsretta prosjekt og nettverksprosjekt.



Aktivitetar - oversikt

Frukostmøte

- 24. januar // På djupt vann med ESG? // Johanne Kjerstad og Ingvild Nistad, Doxacom
- 4. april // Leiarutvikling – kvifor? // Gry Helene Stavseng og Stefan N. Halck, Gagn
- 9. mai // Rekneskap og juss for gründerar // Sindre Lauvås, Regnskapshuset Sparebank 1 SMN
- 13. juni // Eksport og eksportfinansiering // Mari Dorte Jønland Michaelsen/Haakon Sebastian Nærø, Innovasjon Norge og Stig Gjethammer/Kaare Haahjem, Eksfin
- 17. oktober // Synlegheit og marknadsføring // Karoline Tynes og Nicolai Karlsen, Kliv
- 12. desember // Konjunkturbarometeret og god likviditetsstyring // Jan Rune Hurlen og Sindre Lauvås, Sparebank 1 SMN

Kurs & seminar

- 10. juni // KI-verkstaden // Introkurs
- 17. juni // KI-verkstaden // Introkurs
- 17. november // KI-verkstaden // Workshop
- 25. november // KI-verkstaden // Workshop

Samarbeidsforumet Skulenær

- 4 møter // 2 første halvår + 2 andre halvår
- Temakveld utdanning, målgruppe foreldre og ungdom // november 2025 – gjennomført i januar 26

Programleiarssamling Omstillingsprogrammet - Drangedal

- 16. - 18. september // Lise, programleiar // erfaringsutveksling rundt omstillingsarbeidet

Koplingstreff næring + forskning, utvikling og moglegheiter

- 25. februar // Moglegheitsstudie Tynes Møbelfabrikk, Sol-Is arkitektur og Husbanken i Sykkylven
- 28. mars // Grøne bygg // seminar med Framtidslaben og klimapartnerar14. + 15. mars // TEKSTUR studietur Sykkylven, Stranda og Sula
- 24. + 25. juni // Visningsbesøk til Kompetansenteret for robotteknologi, Osterøy, regi SINL
- Juni-august // Kartlegging avfallstrøymar i offentlege og private bedrifter, 2 NTNU-studentar i Sykkylven
- 27. november // Sirkulær-Hub Sykkylven, seminar

Næringsteam - bedriftsbesøk

- 14. januar // Aquaservice
- 6. mai // Sandella

Næringsteam – Læring for næring med KS og fylkeskommunen

- 11. februar // Framtidsmøtet med KS, innbyggjarar, næringsliv og politikkk
- 3. desember // samling for årets program i Sykkylven, inkludert fjorårets deltakarkommunar

Kvinnenettverket Favn

- Etablering og 3 nettverkstreff // 2 første halvår + 2 andre halvår

Rekruttering

- 31. mars // Bli med hit – Oslo
- 31. mars // SNAKKAST – Oslo
- Juni – august // ILAG, Summer-internship program gjennomført i Sykkylven
- 18. august // SNAKKAST – om kjærleik og venskap på bygda, Sykkylven
- 28. oktober // Bli med hit - Trondheim
- 28. oktober // SNAKKAST – Trondheim
- 22. desember // SNAKKAST tett på jula - Sykkylven

Innsatsområde #1: Skaparglede i heile næringslivet

Hjelpe bedrifter å utvikle nye marknader, nye produkt, betre drift – og å få fleire til å satse

Dette gjorde vi

Gjennomførte SMB utvikling runde 3.

Bedriftsretta prosjektstøtte: langt over målet med 12 innvilga prosjekt i porteføljen.

KI-verkstaden: gjennomførte kursrekke med 4 kurs. Eit opplegg som byggjer teknologiforståing i verksemder og hos lokalbefolkning – ikkje berre «verktøy», men tryggleik til å ta gode val.

NTNU-studentar kartla avfallsstrøymar i Sykkylven: eit tiltak som koplkar kommune, næringsliv og forskning – og byggjer kunnskap for sirkulær ressursbruk.

Sirkulær HUB – mobilisering: workshop lagt til november for å få aktørar til å møtas, og få fram fleire prosjekt.

Dette lærte vi

Høg etterspurnad etter bedriftsretta støtte gir fart – men krev også tydelegare prioritering i siste fase av programmet. Dette var også eit poeng i førre årsrapport.

Skal vi lukkast endå betre med grønn omstilling/sirkulær satsing, treng vi meir samordna kompetanse og kapasitet både i programmet og i partnerskapet.



Innsatsområde #2: Samarbeid og nettverk

Få fleire til å dra i lag, slik at bedriftene får større kraft enn kvar for seg

Dette gjorde vi

FAVN kvinnenettverk: bidrog til etablering, eit initiativ som har vokst fram frå næringslivet, nettverket drifta seg sjølve og jobbar med å få til ein berekraftig driftsmodell.

Studietur og læring frå andre: mellom anna støtta vi SINL som arrangerte studietur og var med på besøk til Osterøy og KORT (kompetansesenter for robotteknologi utanfor Bergen).

Skulenær: Samarbeidsforumet har etablert seg som ei viktig kopling mellom utdanning og arbeidsliv.

Frukostmøte: «godt innarbeidd opplegg» – låg terskel, og fungerer som lim i systemet. Samarbeid om gjennomføring mellom SNU og Omstillingsprogrammet.

Dette lærte vi

Møteplassar som er enkle å møte opp på som frukost, korte arenaer, «kom som du er» gir jamn effekt over tid.

Det er rom for fleire nettverk, noko som interessa for Favn kvinnenettverk har bevist.

Innlegg
favnkvinnenettverk

favnkvinnenettverk
Sykkylven



56 2 5

Likt av kareko96 og andre

favnkvinnenettverk En fantastisk vellykket kveld for Favn Kvinnenettverk ... mer

28. mai · Se oversettelse



Innsatsområde #3: Attraktivitet og rekruttering

Gjere Sykkylven meir attraktiv å flytte til, jobbe i og skape i

Dette gjorde vi

Forstudie vidareføring av omstillingsarbeidet: kartlegging gjennomført og er eit viktig kunnskapsgrunnlag for kva ein skal ta med seg vidare etter at omstillingsperioden er over.

Tettstadprosjekt: Konseptet POP UP X AURE vart utvida med eit halvt år, her har mange ulike drivarar fått prøve seg.

ILAG – pilot: sommer internship-program retta mot unge 18–30år. Programmet vart gjennomført som ein pilot, og for deltakarane vart det ein sommar med fellesskap og høve til å bli kjent med Sykkylven.

Snakkast: gjennomført 4 treff i 2025, og konseptet er definert som ein sosial møteplass for 18–40-ish som vil snakke om framtida og livet i Sykkylven.

Rekruttering i samarbeid med regionen: deltaking på «BLI MED HIT!» Trondheim gav god respons, der både rekruttering og omdømebygging var målet – og det viste seg at ILAG treffe ei viktig målgruppe.

Dette lærte vi

Rekruttering handlar ikkje berre om «ledig stilling», men om tilhørslse. ILAG og Snakkast verkar fordi dei gir folk ei kjensle av å høyre til – raskt.

I POP UP X AURE såg vi at aktørar som invitera til sosial aktivitet var svært populære, ein indikasjon på at nye former for sosiale møteplassar på fritida er noko som Sykkylvingen – og folk i frå kommunane rundt – set pris på.

SMB Utvikling 2024/2025

SMB Utvikling er eit program for små og mellomstore bedrifter som ønska å vekse og utvikle seg vidare. Det er eit program vi køyrer med støtte i frå både omstillingsprogrammet og Innovasjon Norge.

Desse bedriftene er med i årets kull: Sunnmørsalpane Skiarena Fjellsetra, Raus, DIS Kaffebar, Jarnes Industripark, Mestre AS, FunkFit Sykkylven og Blakstad Mekaniske.

Om programmet blir ein suksess for den enkelte bedrifta handlar om ein kombinasjon av den hjelpa dei får i frå programmet og den innsatsen dei sjølv legg inn i det. Mange av bedriftene har vore skikkeleg dyktige på å sette seg målbare mål, gjennomføre det – og måle det. Og her er nokre tilbakemeldingar frå bedriftene sjølve;

Blakstad Mekaniske melder tilbake at dei har gjort konkrete grep som følgje av arbeidet gjennom SMB utvikling, som har gjort at dei har auka omsetninga si i 2025 på 15 % og sikra ein arbeidsplass.

På neste side følgjer sitat frå dagleg leiar i Mestre AS, Hanne Sourza og dagleg leiar i FunkFit Sykkylven, Anne Grethe Leine – som seier noko om korleis dei har hatt nytte av programmet.





Foto: Idun Aalbu Rasmussen

For meg og Mestre har deltakinga i SMB Utvikling betydd mykje. Det har gitt retning og rom for å løfte blikket og arbeide strategisk – både på kort og lang sikt. Å få tid og støtte til å prioritere og konkretisere utviklingsløp har vore svært verdifullt.

Eg vil også løfte fram Harald Husabø og Lise Haukeberg. Dei har vore både tilgjengelege, positive og oppriktig engasjerte i prosessen. Det betyr mykje å møte rådgivarar som både utfordrar og heiar – og som er trygge, eksterne sparringpartnarar.

- Hanne Suorza, dagleg leiar Mestre AS

"Hjelpa frå SMB utvikling har gjort at eg fekk til ein snuoperasjon for Funkfit. I første omgang sikre stabilitet, skjære ned utgifter. Dette har medført heilt nye tal i 2025. Vi har gått frå minus til pluss.

Eg har fått trykk på i boksa og manglar no meir kapasitet til å ta unna alt som kunne gje meir vekst. Derfor ser eg etter andre fagfolk, som fysioterapeut og personleg trenar, som vil starte opp enkeltpersonføretak og samarbeide med FunkFit Sykkylven".

- Anne Grethe Leine, dagleg leiar FunkFit Sykkylven



ILAG

Eit summer-internship program i Sykkylven

ILAG sommaren 2025 var eit internship- og fellesskapstiltak for unge (18–30 år), i sommarjobb i Sykkylven, der målet var å skape trivsel og nettverk utanfor arbeidstid – eit lågterskeltilbod der det skulle vere lett å møte andre og vere “ilag”.

Vi tilsette ein koordinator for å gjennomføre programmet gjennom sommaren, dette meina vi var ein suksessfaktor. Erfaringane frå 2025 viser at dette trefte eit reelt behov. I evalueringa svarar deltakarane at det var lett å bli kjent, at dei kjende seg velkomne og inkluderte, og alle som svarte seier dei ville anbefale ILAG til andre. Koordinator peikar også på at ein i stor grad lukkast med å skape eit inkluderande miljø der deltakarane fann tonen tidleg.

I løpet av sommaren vart det gjennomført 30 ulike aktivitetar med både natur-, kultur- og sosiale innslag. Deltakarane trekte særleg fram opplevingar som quiz, Brøvøllsfestivalen, tur til Slogen, juving i Valldal og ribtur rundt Runde. Dette viser at ein med relativt enkle grep kan skape møteplassar som betyr noko, og som kan gjere det lettare for unge å trivast og bli verande. Rapporten har òg døme på at ILAG kan fungere som ei bru til næringslivet, mellom anna gjennom samarbeid mellom studentar og bedrifter, og at to deltakarar forlenga kontrakt med sin arbeidsgivar til jul.

Grunnen til at det var viktig å teste ILAG i 2025 er nettopp at rekruttering og bulyst ikkje berre handlar om jobb, men om kvardagsliv, fellesskap og tilhøyrslø. Erfaringane gir eit godt grunnlag for å prøve igjen i 2026, og med nokre justeringar kan ILAG bli eit endå meir treffsikkert tiltak for både unge, kommune og næringsliv i 2026.



“Takknemleg for at eg har vorte kjend med så mange nye gjennom ILAG”

HP 2025 Innsatsområde 1 – Skaparglede i heile næringslivet Arbeidsplassmål: 32 – felles for alle innsatsområde

Strategiar	Tiltak	Delmål	Resultat
A. Teknologi og marknad	<p>Proaktivt arbeid for å avdekke og identifisere utviklingsprosjekt i næringslivet.</p> <p>Bidra til å utvikle Sykkylven som sirkulær industrihub, utpeika som ein av åtte sirkulære industrihubar i M&R av fylkeskommunen og Innovasjon Norge.</p>	<p>Gjennomføre forprosjekt SMB utvikling nr.3</p> <p>Gjennomføre forstudie og forprosjekt SMB utvikling nr.4</p> <p>Iverksette forstudie «Sirkulær industrihub»</p>	<p>Innvilga 300.000 til prosjekt utredning landbasert oppdrett</p> <p>SMB runde 4 utsett/fryst</p> <p>NTNU Studenter – avfallskartlegging sommar 2025</p> <p>Sirkulær HUB – workshop 27. november</p> <p>Løypande oppfølging og deltaking i prosjektet TEKSTUR</p>
B. Bedriftsretta tiltak	<p>Støtte utviklingsprosjekt (forstudiar og forprosjekt) frå bedriftene.</p> <p>Fokus på oppfølging av bedrifter for å sikre overgang frå forprosjekt til hovudprosjekt</p>	Iverksett minimum 6 prosjekt	Innvilga 12 prosjekt
C. Kompetanse og FoU	<p>Avdekke kompetansebehov, samt initiere og gjennomføre kompetansehevende tiltak (nytte samarbeidspartnarar aktivt)</p> <p>Nytte SNU med si rolle og kopling som node til Nordveggen som igjen er ein del av SIVA sitt Næringshageprogram</p> <p>Nytte samarbeidspartnarane Innovasjon Norge, DÅS, Nordveggen, Framtidslaben, åkp og NTNU aktivt i kompetanseheving</p> <p>Pådrivar for, samt bidra til, å kople bedrifter og FoU-miljø</p>	<p>Iverksett minimum 3 kompetansetiltak, basert på kompetansekartlegging</p> <p>1-2 PLP-kurs</p> <p>Organisere minimum 2 koplingstreff mellom næringsliv og FoU-miljø</p>	<p>KI-verkstaden – 4 kurs gjennomført</p> <p>Vi hadde møte med bedriftene vinter 25 om å sette opp kurs i dobbelt vesentlighetsanalyse. Tilbakemelding: ikkje interessant pt.</p> <p>Grønne bygg, grønne kommuner m/Framtidslaben – 28. mars</p> <p>Ingen PLP-kurs i år.</p> <p>Samarbeidspartnarar er inviterte til å delta og bidra i gjennomføring av arrangement, eksempelvis Sirkulær HUB workshop der Innovasjon Norge, PlussLab Kompetansesenter og Norsk Industri var med på å arrangere og gjennomføre.</p>

HP 2025 Innsatsområde 2 – Samarbeid og nettverk

Strategiar	Tiltak	Delmål	Resultat
D. Industri- og næring	<p>Aktiv på drivar til og bidra til utvikling av nye nettverk</p> <p>Bidra til forsterking/vidareutvikling av eksisterande nettverk</p> <p>Bidra til eit meir berekraftig næringsliv</p>	<p>- Støtte SINL og SH kommunikasjonsressurs (240.000)</p> <p>- Støtte minimum 2 samarbeid/ nettverksprosjekt</p> <p>- Vidareutvikle samarbeidsforum for skule og næring «Skulenær»</p>	<p>Støtta 2 nettverk: Sykkylven Industri- og Næringslag og Sykkylven Handelsforening med kommunikasjonsressurs</p> <p>Støtta nye nettverk: FAVN kvinnenettverk</p> <p>Støtta Studietur Osterøy – Robotmiljø – Søkar SINL</p> <p>Skulenær</p> <p>- 4/4 møter gjennomført</p> <p>- temakveld november utsett og gjennomført januar</p>
E. Opplevingsnæringar	<p>Støtte oppfølging av masterplan Sykkylven for opplevingsnæringane</p> <p>Bidra til vidareutvikling av nettverk for aktørane i opplevingsnæringane</p> <p>Bidra til utvikling av samarbeidsarena/nettverk for aktørar i landbruk og lokalmat</p> <p>Bidra til å skape arena for samarbeid i skjeringpunktet mellom aktørane i reiseliv, opplevingar, lokalmat, design og kultur</p>	<p>- Støtte tiltak anbefalt i masterplan Sykkylven for opplevingsnæringane, og vidare konkretisert i handlingsplan for 2025 (SNU rammeavt. 100')</p> <p>- Støtte minimum 2 samarbeids/nettverksprosjekt</p>	<p>SNU følger opp masterplan reiseliv gjennom rammeavtalen, viser til Sykkylven Næringsutvikling sin årsrapport for 2025 for resultat.</p> <p>Ingen samarbeids/nettverksprosjekt søkt/støtta</p>
F. Møteplassar	<p>Bidra til møteplass på tvers av nettverk gjennom frukostmøte og seminar med dagsaktuelle tema</p> <p>Proaktivt arbeid for å avdekke og identifisere moglegheiter knytt til møteplassar for bedrifter, gründerar og ungdom</p>	8 frukostmøte	6 frukostmøter

HP 2025 Innsatsområde 3 – Attraktivitet og rekruttering

Strategiar	Tiltak	Delmål	Resultat
G. Næringsattraktivitet	<p>Følgje opp Næringsvennlig kommune</p> <p>Bidra til å synleggjere tilgjengelege tomteareal for næring og bustad, og ledige næringslokale og utleigebustad</p> <p>Tilretteleggje infrastruktur for strategiske samarbeidspartnarar</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Gjennomføre forstudie og forprosjekt «vidareføring omstillingsprogram» (400.000-200.000 frå IN) - Bidra i arbeidet med strategisk næringsplan – 2025 - Gjennomføring av årleg tilfredsheitsundersøking blant bedriftene på kommunens næringsarbeid - Rammeavtale SNU(100') - Utarb. Kom.plan for synleggjering av areal i samarbeid med kommuneadministrasjon - Kontorplass samarbeidspartnarar Næringsfabrikken 	<p>Prosjekt vidareføring omstilling – Kunnskapsgrunnlag gjennomført</p> <p>Årleg tilfredsheitsundersøking gjennomført og presentert for Formannskapet våren 2025</p> <p>Rammeavtale til SNU slik dei skal ha ekstra rom til å jobbe med si rolle som utviklingspartner for næringslivet, viser til Sykkylven Næringsutvikling sin årsrapport for 2025 for resultat.</p> <p>Kontorplass for strategiske samarbeidspartnarar</p>
H. Møteplassar og kommunikasjon	<p>Styrking og samordning av kommunikasjonsarbeidet retta mot næringsliv med kommunen og SNU</p> <p>Vidareføre etablerte møteplassar mellom kommune og næringsliv og vere ein pådrivar for nye</p>	Felles kommunikasjonsressurs	<p>Finansiert kommunikasjonsressurs</p> <p>Ordførar og teknisk sjef reiser rundt på besøk om lag 1 gong per mnd.</p> <p>Næringsteam kvar 14. dag</p> <p>Næringsteam på 2 bedriftsbesøk</p> <p>Løypande samordning gjennom måndagsmøter hos SNU</p>
I. Sentrumsutvikling	<p>Bidra til eit attraktivt sentrum for blilyst, bulyst og næringsliv</p> <p>Samskaping om utvikling med tettstadprosjektet i kommunen</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Pop up x Aure - Prosjekt Gatelangs (mindre prosjekt under denne paraplyen) - Arrangement/kunnskapsdeling om bustad 	<p>Pop up x Aure gjennomført der omstilling har bidratt</p> <p>Dei andre prosjekta til Tettstad er gjennomført og rapportert for seg i Tettstadprosjektet.</p> <p>Løypande samordning</p>
J. Rekruttering	<p>Støtte og iverksette rekrutteringstiltak som sikrar bedriftene og kommunen tilgang på kompetanse</p> <p>Jobbe med «rekruttering heile året», bidra til å samle og koordinere rekrutterings- og attraktivitetstiltak i Sykkylven</p>	<ul style="list-style-type: none"> - Støtte og bidra i arbeid med Ungt . Entreprenørskap - Pilotprosjekt «Summer internship Sykkylven 2025» - «Bli med hit» i Oslo vår, Trondheim haust - SNAKCAST, aktivitet og arrangement heile året - Forstudie «Sykkylvsløypa», entreprenørskap og bli kjent med næringslivet frå barnehage til vgs. 	<p>ILAG –pilot gjennomført!</p> <p>SNAKCAST 4 treff i 2025</p> <p>Bli med hit – deltok vår og haust</p> <p>Sykkylvsløypa utsett - fryst</p>

Programstatusvurdering 2025

Programstatusvurdering gjennomførast ein gong per år i heile omstillingsperioden, der føremålet er å kunne nytte ein heil dag til å vurdere eige utviklingsarbeid, sjå heilheita i prosessane og saman konkretisere kor ein bør vurdere ytterlegare innsats for å bli betre. Vurderingane her er retta mot forbettringspotensialet, og er såleis ikkje ei balansert skildring av arbeidet i Sykkylven. Hovudkonklusjon frå programstatusvurdering 23. oktober 2025:

«Omstillingsprogrammet i Sykkylven jobber fortsatt godt med gjennomføring av handlingsplan og har god struktur i arbeidet. Programmet har jobbet godt med å styrke utviklingsevnen både i næringslivet og kommunen. Spissing av handlingsplanen fra 4 til 3 innsatsområder har gitt god effekt i oppfølging av planen og i kommunikasjonen. Styret prioriterte 3 tiltak på topp som man ønsket å ha ekstra fokus på i 2025 som man har jobbet godt med gjennom året. Dette var utvikling av Sykkylven som sirkulær HUB, rekruttering hele året og sikre gjennomføring av forstudie videreføring av omstillingsprogram.

Programmet går nå inn i siste året og det er viktig å få en god avslutning av programmet og sikre videreføring av satsinger og prosjekter. Kommunen har signalisert at man vil sikre oppfølging og rapportering av programmet i 2027 som gjør at man kan planlegge aktiviteter gjennom hele 2026. Styret peker på at det må fortsatt jobbes med kommunikasjon rundt programmet for å løfte det man har bidratt med, de gode historiene gjennom bedriftene, samtidig som man klarer å engasjere inn de større bedriftene som ikke har vært delaktige. Det er et ønske å få inn større prosjekter som kan ha større effekt på blant annet arbeidsplasser. Styret har en viktig rolle også fremover for å bidra aktivt til prioriteringer og sette retning på arbeidet. Det er viktig at hele styret brukes og at man får nok tid til å drøfte retning og prioriteringer».

(Sluttrapport programstatusvurdering, 2025).

Anbefalingar for 2026, frå programstatusvurdering haust 2025:

Innsatsområde/prosjekt/portefølje

- Vurdere fokus på større prosjekt med større effekt i 2026.
- Lokke ut dei større bedriftene for å ta del i prosjekt, tidlegfase midlar. Få større prosjekter. Større bedrifter - delta meir aktivt i nettverk.
- Kartlegging av dei bedriftene som vi trur har eit vekstpotensial – kva er viktig for desse, koplingsaktør, bidra for å løfte prosjekter.
- Spissing i SMB utviklingsprogram – treffe større eller meir målretta på nokre satsingar i bedriftene
- Sirkulære HUB prosjekt, sjå moglegheiter saman – kalibrere korleis ein kan jobbe med dette. Kva verdikjeder er lokalt og kva går ut av kommunen?
- Styrke fokus på prosjekt/aktivitetar på dei bedriftene som ikkje har vært inne i programmet.
- Sikre oppfølging og rapportering av prosjekter som har fått støtte.

Kommunikasjon

- Styrke arbeidet med kommunikasjon på kva ein har bidratt med og kva ein kan bidra med. Viktig å definere kva man vil kommunisere og til kven.
- Løfte fram dei gode historiene/gode case, bredda i det som gjerast og kva man bidrar med
- Vurdere å lage en oppsummering på alt ein har bidratt til gjennom programmet så langt, skå det opp mot måla for programmet.
- Vurdere ekstern støtte fra profesjonelle ressursar for å bidra i kommunikasjonsarbeidet. Vurdere innhald i kommunikasjonsplanen siste året.

Styret/styrearbeid

- Stoppe opp på styremøta og zoome ut litt. Løfte blikket på programmet og behov. Vurdere å ha fast på agendaen pr kvartal – «er vi på rett veg?»
- Styremedlemmene har individuelt ansvar for å aktivt spele inn saka som ein ønska å drøfte på styremøta
- Vurdere å løfte krav til det forretningsmessige/økonomiske på søknadar som kjem inn, vurdere om enkelte av styremedlemmane kan bidra i saksvurderingane i forkant (utval frå styret). Sikre at ein brukar kompetanse som sit i styret på de ulike sakane der det kan være relevant.
- Vurdere kriteria for søkbare midlar for å styre inn mot mål i handlingsplanen

Avslutningsfase/vidareføring

- Styret bidra aktivt på workshop saman med styra i SNU og SNIL på gjennomgang av rapport forstudie vidareføring.
- Sette av nok tid til å drøfte overgangsfasen, avklare kva prosessar ein må gjennom inn mot avslutning. Styret må ta stilling til kor lang tid inn i 2026 ein skal satse aktivt. Kommunen signaliserer at det vil være kommunale ressursar til å avslutte prosjekter i 2027.
- Må ha tid til å sikre vidareføring av arbeidet etter omstillingsperioden.

Samhandling/dialog

- Styrke dialog mellom kommunen/tettstadprosjektet og handelsforeining – møteplass mellom handel og kommunen. Vurdere tiltak og samkøying av ressursar.
- Styrke dialog mellom kommune/omstilling og Sykkylven Næringsutvikling.

Finansiering, budsjett og innvilgingsstatus 2025

Omstillingsprogrammet er finansiert gjennom midlar fra Fylkeskommunen og kommunen. Ambisjonen var ei finansiering på 5,4 millionar per år i 6 år, for 2025 såg finansieringa slik ut:

Finansiering	2025
Møre og Romsdal fylkeskommune	3 200 000
Sykkylven kommune	2 200 000
Overføring frå 2024/mindreforbruk	1 300 000
Total	6 700 000

Tildelinga i frå Møre og Romsdal fylkeskommune var i 2025 på 3,2 millionar kroner. Ramma på 6,7 millionar kroner var fordelt slik:

Innsatsområde	Program-aktivitet	Søkbare midlar*	Admin.**	Admin.SK***	Totalramme
Skaparglede i heile næringslivet	840.000	2.000.000	450.000	250.000	3.540.000
Samarbeid og nettverk	150.000	350.000	250.000	0	750.000
Attraktivitet og rekruttering	1.400.000	0	350.000	400.000	2.150.000
Overheadkostnader	0	0	250.000	0	250.000
Totalt	2.390.000	2.350.000	1.300.000	650.000	6.690.000

*Søkbare midlar er midlar øymerka søknadar i frå bedrifter til utviklingsprosjekt. Det vil vere tilgjengelege midlar å søkje på i frå andre strategiområde også, men der er gjerne midla retta mot både aktivitetar som omstillingsprogrammet initiera og prosjekt i frå bedrifter.

** Administrasjon innfattar proaktivt arbeid og prosjektoppfølgning av programleiar, her løn til programleiar, møtekostnader og møtegodtgjersle knytt til møter, kurs, styrearbeid, samt husleige.

***Administrasjon Sykkylven kommune innfattar timar brukt til prosjekt i omstillingsprogrammet frå styreleiar, kommunedirektør og andre administrativt tilsette i kommunen som blir engasjert i slikt arbeid.

Vedtekne bevilga tilsegn aktivitet og prosjekt per innsatsområde i 2025

Innsatsområde	Tilsegn 2024	Tilsegn 2025
1. Skaparglede i Næringslivet	2.474.693	2.371.850
(Opplevingsnæringar	729.630)	
2. Samarbeid og nettverk	150.000	503.350
3. Attraktivitet og rekruttering	881.036	1.233.429
Totalt	4.235.359	4.108.629

Inntekter og utgifter 2025

Kommentarar inntekter og utgifter: Tabellen «Kjende inntekter og utgifter 2025» synar det som er innvilga i frå omstillingsprogrammet i 2025, og det som er innvilga i medfinansiering til omstillingsprogrammet i 2025. Denne tabellen inneheld informasjon som kjem i tillegg til rekneskapan ført av kommunen, tabellen her synar det vi veit har blitt gitt av tilsegn men som gjerne ikkje er påbegynt å betale ut eller betalt ut i si heilheit.

Prosjektinntekter som står oppført i 2025 består av tilskot i frå Innovasjon Norge, dei er med og delfinansiera enkelte prosjekt og større programaktivitet, dette er midlar som kjem i tillegg til totalramma på om lag 7 millionar. Tilskot i frå Innovasjon Norge kjem inn når prosjekt er rapportert ferdige, alle inntektene her i frå er difor ikkje synlege i kommunerekneskapan for 2025.

Grunna innsparing i Sykkylven kommune vart det hausten 2025 avkorta tilskot frå Sykkylven kommune på 500.000kr, som også utløyser ei forventa avkorting på 542.000kr frå Møre og Romsdal fylkeskommune. Totalt måtte vi kutte i budsjettet vårt med 1.042.000kr når vi var over halvvegs inn i året med aktivitet. Det vil seie at budsjettet vart endra frå om lag 6.7 mill. til 5.6 mill. Styret ønska å skjerme bedriftsretta midlar i frå innsparing, så ei planlagt runde fire med SMB Utvikling vart lagt på is, kurs- og seminaraktivitet vart skalert ned og vi landa ok ved årsslutt med om lag 30.000kr i meirforbruk.

Kjende inntekter og utgifter 2025 (per 26.1.26)	
Inntekter	2026
Sykkylven kommune eigenandel	2.200.000
<i>Avkorting tilskot</i>	- 500.000
Møre og Romsdal Fylkeskommune	3.200.000
<i>Avkorting tilskot</i>	- 542.000
Prosjektinntekter (eksterne tilsegn Innovasjon Norge)	200.000
Mindreforbruk 2024, overført til 2025	1.300.000
Sum inntekter	5.858.000
Kostnader	
Innvilga aktivitetar (inkl. totale kostnad ved eksternt tilsegn)*	4.108.629
Administrasjon**	1.127.575
Administrasjon Sykkylven kommune***	650.000
Sum kostnader	5.886.204
Resultat til vidare programarbeid****	- 28.204

* [Prosjekt der Innovasjon Norge \(IN\) er inne og delfinansiera, her er det rekna totalkostnad for prosjektet. Det samsvarar da med prosjektinntekter i frå IN.](#)

**Administrasjon innfattar proaktivt arbeid og prosjektoppfølgning av programleiar, her løn til programleiar, løn til styreleiar og prosjekteigar, møtekostnader og møtegodtgjersle knytt til møter, kurs, styrearbeid, samt husleige.

***Administrasjon Sykkylven kommune innfattar interne ressursar i kommunen sine timar brukt til aktivitet i Omstillingsprogrammet.

****Meirforbruk balanserast ut av fondskonto for omstillingsprogrammet og endeleg rekneskap for omstillingsprogrammet vil skje ved årsslutt 2026.

Når meir samarbeid er målet

...skapar vi møteplassar

- FoU workshops
- Frukostmøter
- Seminar
- SNAKKAST

Når meir aktivitet i frå våre regionale samarbeidspartnarar er målet

...så inviterar vi dei hit! Og dei skapa enno meir aktivitet lokalt!

NHO, NTNU, Framtidslaben, Destinasjon Ålesund og Sunnmøre, Innovasjon Norge og mange fleire!

Med mangel på arbeidskraft inn i framtida

...så gjer vi oss attraktive og aktuelle

- Skulenær
- Tettstadsutvikling
- Bli med hit
- Snakkast
- ILAG summer internship

Sidan vi ønska meir kjennskap til kvarandre

...så

- Deler vi artiklar med bedriftshistorier
- Reiser næringsteamet på bedriftsbeøk
- Inviterar omstillingsstyret bedrifter til å dele sine prosjektidear i styremøter

Når innovative og utviklingsorienterte bedrifter er målet

...dyttar vi med tiltak som

- SMB Utvikling
- Prosjektmidlar
- Vere koplingsboks til FoU ++
- Inspirasjon gjennom møteplassar

VEDLEGG

Innvilga prosjekt i bedrift/nettverk


Søker	Prosjekt	Type prosjekt	Kostandso	Søknadsbe	Bevilget be	Status
Jarnes Næringspark	Mulighetsstudie næringsareal	Forprosjekt	kr 283 000	kr 141 500	kr 141 500	Bevilget
Mali Profil	Utvikling nettbutikk	Forprosjekt	kr 150 900	kr 75 450	kr 23 475	Bevilget
SNU	filmproduksjon i Sykkylven vår 2025	Hovedprosjekt	kr 1 500 000	kr 250 000	kr 250 000	Bevilget
Mestre AS	Vidareutvikling bedriftsmarknad	Forprosjekt	kr 600 500	kr 300 250	kr 300 250	Bevilget
Tettstad	POP UP X AURE vidareføring (juli-31. des)	Forprosjekt	kr 50 000	kr 50 000	kr 50 000	Bevilget
SINL	Digital kommunikasjon - eit samarbeid mellom SNU, Droneakademiet, SINL og Sykkylven Handelsforening.	Forprosjekt	kr 120 000	kr 120 000	kr 120 000	Bevilget
Sykkylven Handelsforening	Digital kommunikasjon - eit samarbeid mellom SNU, Droneakademiet, SINL og Sykkylven Handelsforening.	Forprosjekt	kr 120 000	kr 120 000	kr 120 000	Bevilget
SNU	Digital kommunikasjon - eit samarbeid mellom SNU, Droneakademiet, SINL og Sykkylven Handelsforening.	Forprosjekt	kr 200 000	kr 200 000	kr 200 000	Bevilget
SNU	Ramme masterplan reiseliv	Hovedprosjekt	kr 100 000	kr 100 000	kr 100 000	Bevilget
SNU	Ramme NVK - utvikling SNU	Hovedprosjekt	kr 100 000	kr 100 000	kr 100 000	Bevilget
SINL	Studiebesøk Osterøy	Forstudie	kr 0	kr 90 000	kr 90 000	Bevilget
DIS Kaffepar og workspace	Kvinnenettverk	Forstudie	kr 146 700	kr 73 350	kr 73 350	Bevilget
Bruafabrikken	Bruafabrikken - Transformasjon fabrikkbygg	Forstudie	kr 380 000	kr 230 000	kr 230 000	Bevilget
3D Knitting & Technology	Egen-produksjon 3D-strikk	Forprosjekt	kr 190 000	kr 95 000	kr 95 000	Bevilget
Jord&Fjord overtakelse	Overtakelse av konsept med lokalmatutsal	Forprosjekt	kr 270 000	kr 100 000	kr 100 000	Bevilget
Sykkylven kommune	Utgreiing ny næring oppdrett prosjekt 17164	Forstudie	kr 400 000	kr 300 000	kr 300 000	Bevilget
PC Support Eiendom	Aure kompakt	Forstudie	kr 874 000	kr 437 000	kr 437 000	Bevilget
Berlihuset	Aktivitetsutvikling	Forstudie	kr 180 000	kr 90 000	kr 90 000	Bevilget
DIS Kaffepar og workspace	Kaffebrenneri	Forprosjekt	kr 498 700	kr 249 350	kr 150 000	Bevilget
Tettstad	Prosjektår des. 25- des. 26	Forprosjekt	kr 1 700 000	kr 250 000	kr 250 000	Bevilget
Sykkylven Handelsforening	Digitale gavekort	Hovedprosjekt	kr 185 650	kr 93 250	kr 34 625	Bevilget
Tettstad	Fargepalett lansering	Hovedprosjekt	kr 50 000	kr 50 000	kr 50 000	Bevilget

Diverse klipp 2025



NTNU-studentar kartlegg plastavfall i Sykkylven: - Ny kunnskap som kan styrke næringsliv og busetting

To NTNU-studentar har denne sommaren kartlagt plastavfallet i Sykkylven. Arbeidet gir ny kunnskap som kan styrke både næringslivet og lokalsamfunnet, ...



Diverse klipp 2025



Jarnes Næringspark

Siste nytt Ledige tomter Etablerte aktører Om oss Kontakt oss

Byggeklare industri- og næringstomter i hjartet av Sunnmørsalpane

Jarnes Næringspark skapar rom for nye moglegheiter og sikrar ein solid grunn å stå på, anten du vil etablere, investere eller berre treng meir plass.

Ledige tomter Kontakt oss



Moglegheiter i Tynes møbelfabrikk

Arkitektfirmaet SOL-IS og Husbanken står bak eit nasjonalt prosjekt som skal gjere om funksjonstomme bygg til bustadar. Dei har kartlagt bygg over hei...

Diverse klipp 2025



17.03.2025 | [Offentlig sektor og næringslivet](#)

Toppkandidater til årets vertskapskommune for næringslivet 2025

For sjetten år på rad kårer NHO og KS Norges beste vertskapskommune for næringslivet. Seks kommuner kjemper om å bli årets...

< Aktuelt

Næringsforeninga

Studietur til Osterøy

June 30, 2025

Tysdag 24. og onsdag 25. juni besøkte vi Kompetansesenter for Robotteknologi (KORT) på Osterøy. Sykkylven Industri- og Næringslag inviterte medlemmar til Robotsafari, og 19 deltakarar frå lokalt næringsliv, kommune, skule og regionale samarbeidspartnarar deltok på studieturen.

